

Sigdal kommune
Borgestubakken 2
3350 Prestfoss

Innspill til samfunnsdelen av kommuneplana 2022-2035

frå styret i Sigdal og Eggedal skogeigarlag

Skog som næring har alltid vore viktig for Sigdal og Eggedal. Skogbruket er framleis ei viktig næringsgrein i kommunen. Sigdal og Eggedal skogeigarlag har om lag 270 medlemmar. Dei er alle andelseigarar i Viken Skog SA. Mange skogeigarar i Sigdal er svært aktive og engasjerte. I framtida håpar vi på enda større engasjement og at unge, som etter kvart tek over eigedomene, vil halde fram og vidareutvikle skogbruket.

Skognæringa si eksistens er knytta til plantene si fotosyntese, som hentar CO₂ frå lufta, bind karbonet i tremassa og i jorda og slepper ut oksygen. Denne prosessen er grunnlaget for alt liv på jorda. Gjennom skogsdrifta haustast tre, og det leggst til rette for ny skog til erstatning for den gamle. I løpet av dei siste hundre åra er volumet av ståande skog i Noreg meir enn tredobla. Det inneber at norske skogar gjennom aktiv skogsdrift, inklusive bruk av flatehogst bind og larar langt meir CO₂ enn for hundre år sidan. Samtidig er mykje karbon framleis lagra i tømmer med lang brukstid, som t.d. i bygningar. På toppen av det heile vil tømmer brukt i bygningar og andre trekonstruksjonar etter kvart kunna erstatte klimaverstingar som stål og betong.

Skogen er mangfaldig og om lag 60 % av alle norske artar har skogen som viktigaste tilhaldsstad. Nesten halvparten av dei truga og nær truga artane på Norsk raudliste for artar høyrer heime her. Andelen er ikke endra i løpet av den tida slik kartlegging har funnen stad, men dei skoglevande artane har i gjennomsnitt fått lågare raudlistestatus. Det skuldast i hovudsak at skogsdrifta er underlagt strenge restriksjonar gjennom skogbruket sin eigen miljøsertifisering, Norsk PEFC skogstandard. Omfanget av daudt virke, lauvtre, store dimensjonar og gamal skog aukar stadig. Vernetiltak ut over det som inngår i miljøstandarden er difor ikkje teneleg, spesielt ikkje i Sigdal, der heile 9 % av skogen allereie er verna.

Vi meiner det er viktig å minne om desse samanhengne fordi «storsamfunnet» ofte feilaktig legg til grunn at aktivt skogbruk gir *mindre*, ikke meir, binding av CO₂. Ein kan til og med få ei kjensle av at skogsnaturen har større verdi som «utstillingsvindaug» og for rekreasjon enn som næringsgrunnlag. Et slikt syn på skogen trugar aktivt skogbruk og står difor i motsetnad til eit viktig næringsgrunnlag i ein kommune som Sigdal. Vi meiner også at skogen gir mange moglegheiter for vidareforedling. Desse bør stimulerast, ikkje hindrast.

På grunnlaget av dette meiner styret i Sigdal og Eggedal Skogeigarlag at desse tiltaka er viktige:

- a. Skuleungdom i Sigdal må lære om fotosyntesa og om skogbruk
Konkret handling: Kommunen må halde fram med årlege skuleskogdagar. Skogeigarlaget vil framleis bidra med hjelp på denne dagen. I tillegg håpar vi bruk av skogen etter kvart vil kunna bli ein større del av undervisninga på ungdomsskulen. Vi vil både kunna bidra direkte, men også hjelpe skulen med å kontakte fagfolk.
- b. Det planlagte besøkssenteret for skog ved Eggedal Mølle må få ei viktig rolle i informasjonsarbeidet, både for innbyggjarane i kommunen og besøkande.
Konkret handling: Besøkssenteret må få eit sterkt fokus på bruk av skog i «*Det grønne skiftet*» og det må leggest stor vekt på å få fram skogbrukshistoria i bygda og spesielt i det verna området.
- c. I Sigdal utgjer verna skog mykje meir enn gjennomsnittet i landet.
Konkret handling Kommunen må bidra til å informere om kva skogbruket gjer gjennom miljøsertifiseringa av tømmer og må aktivt hindre meir vern av skog.
- d. Vegstandarden, under dette også standarden på skogsbilvegane er dårlegare enn det som trengst ved aukande lastekapasitet for utkøyring av tømmer. Norge ligg på dette området et godt stykkje etter dei store skog-nasjonene Sverige og Finland. Dette gir ei kostnadsulempe for norsk skogbruk.
Konkret handling: Kommunen må drive aktiv påverking for å styrke statlege og fylkeskommunale vegar, slik at dei tålar vekta og farten til dagens og framtidens tømmervogntog. Lik eins må kommunen sine eigne vegar tåle tilsvarande bilar. Til slutt må kommunen både bidra økonomisk og til rette for at dei private skogsbilvegane blir gode transportårer for tømmer. Det trengs også fleire nye skogsbilvegane for å gjera meir tømmer tilgjengeleg og for å minimere terrengkøyringa med tømmer.
- e. Vi treng meir bruk trevirke for å binde karbon og for å erstatte materialar med stort fossilt avtrykk som stål og betong. Samtidig er det rom for å auke avvirkinga. I dag er det skurkapasiteten som er flaskehalsen.
Konkret handling Kommunen bør legge til rette for meir lokal foredling av sagtømmer, både i liten og stor skala. Det må vera eit absolutt krav at alle kommunale bygg settast opp i tre.
- f. Den statlige initierte utredninga «Skog 22» viser at det er rom for å auke avvirkinga nå. Men for å kunna bruke enda meir trevirke i framtida og for å auke karbonbindinga må vi satse mykje sterkare på aktiv skogkultur.
Konkret handling: Kommunen må framleis ha ein aktiv skogbrukssjef, og økonomisk støtte og bruk av skogfond må halde fram minst på dagens nivå. I tillegg bør lokal ungdom må få høve til å lære å drive med planting og ungskogpleie. Det er så verdifullt at kommunen må prioritere å støtte dette økonomisk.
- g. Gleda ved å bu i og nær skogen er ein viktig naturgjett fordel som folk i kommunar som Sigdal bør kunna ha. For nokon kan slik molegheit avgjera val av bu-kommune.
Konkret handling Kommunen må legge til rette for at også dei som vil bygge bustad i skogen eller i skogkanten, kan få høve til dette.

